

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) nr. 862/2014****2018/EØS/11/09****av 7. august 2014****om endring av gjennomføringsforordning (EU) nr. 496/2011 med omsyn til namnet til innehavaren av godkjenninga av natriumbenzoat som tilsetningsstoff i forvarer<sup>(\*)</sup>**

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i forvarer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 13 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Taminco BVBA har sendt over ein søknad i samsvar med artikkel 13 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003 med framlegg om endring av namnet på innehavaren av godkjenninga i Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 496/2011<sup>(2)</sup>.
- 2) Søkjaren hevdar at han frå 6. mars 2014 har teke over verksemda med tilsetningsstoff i forvarer frå Kemira Oyj, og at han no eig retten til marknadsføring av tilsetningsstoffet natriumbenzoat. Søkjaren har lagt fram dokumentasjon til støtte for påstandane sine.
- 3) Den framlagde endringa av vilkåra for godkjenning er av rein administrativ art, og krev inga ny vurdering av det tilsetningsstoffet som det gjeld. Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik har fått melding om søknaden.
- 4) For at søkeren skal kunne nytte retten sin til marknadsføring under handelsnamnet Taminco Finland Oy, er det naudsynt å endre vilkåra for godkjenning.
- 5) Forordning (EU) nr. 496/2011 bør difor endrast.
- 6) Ettersom endringane i vilkåra for godkjenning ikkje vert gjorde av tryggleiksgrunnar, bør det fastsetjast ein overgangsperiode for at eksisterande lager kan brukast opp.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråseguna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkkel 1***Endring av Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 496/2011**

I andre kolonne i vedlegget skal orda «Kemira Oyj» bytast ut med «Taminco Finland Oy».

*Artikkkel 2***Overgangstiltak**

Eksisterande lager av tilsetningsstoffet som er framstilte og merkte før 28. august 2014 i samsvar med dei reglane som galdt før 28. august 2014, kan framleis bringast i omsetning og nyttast inntil dei eksisterande lagra er tømde.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 235 av 8.8.2014, s. 12, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 4/2015 av 25. februar 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 21 av 7.4.2016, s. 6.

(<sup>1</sup>) TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

(<sup>2</sup>) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 496/2011 av 20. mai 2011 om godkjenning av natriumbenzoat som tilsetningsstoff i forvarer for avvande smågrisar (innehavar av godkjenninga: Kemira Oyj) (TEU L 134 av 21.5.2011, s. 9).

*Artikkelen 3*

**Iverksetjing**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 7. august 2014.

*For Kommisjonen*

José Manuel BARROSO

*President*